

Saksnr: 2019/82-12  
Saksbehandlar: Silje Lyngstad

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutval for ungdom		29.11.2019

**Den kulturelle skulesekken (DKS) og medverknad frå VU****Forslag til vedtak**

VU deltek i ungdomsprogramrådet i arbeidet med DKS. VU sine representantar frå kultur, idrett og integrering vert valde til å halde ei prosjektet.

**Samandrag**

Den kulturelle skulesekken (DKS) vart etablert i 2001, og er eit program for formidling av kunst og kultur i grunnskular og vidaregåande skular. DKS vert gjennomført av fylkeskommunar og kommunar i heile Noreg. Ordninga er finansiert med overskot av spelemidlar frå Norsk Tipping og fylkeskommunale/kommunale driftsmidlar.

Når det gjeld formidling av DKS-programmet til skulane og elevane, vil ein sjå Vestland fylke samla. Ungdommens fylkesutval i Hordaland og Ungdomspolitiske utval i Sogn og Fjordane (no Vestland ungdomsutval) vert inviterte til å medverke i faggruppene og det faglege rådet, og velje ut seks produksjonar som skal inngå i programmet.

Bertil Søfteland  
leiar Politisk sekretariat

Silje Lyngstad  
rådgjevar  
Politisk sekretariat

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I samanslåingsprosessen mellom Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har det vore stort fokus på å vidareføre den kulturelle skulesekken (DKS) i Vestland fylkeskommune. Det er fortsatt mykje arbeid som står igjen før ein går i gang med skuleåret 2020-2021.

I Fellesnemnda vart framdriftsplan for DKS diskutert og det kom blant anna fram at:

*«Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune er med i eit samarbeidsprosjekt med Kulturtanken med fokus på elevmedverknad. Eit av prosjekta er samarbeid om medverknad frå dei ungdomspolitiske utvala i dei to fylkeskommunane.*

*Prosjektleiari rår til at Ungdommens fylkesutval i Hordaland og Ungdomspolitiske utval i Sogn og Fjordane vert inviterte til å nemne opp eit ungdomsprogramråd for skuleåret 2020-2021. Ungdomsprogramrådet medverkar i programarbeidet på følgjande måte:*

- *Gir råd om tema og innhald i programmet.*
- *Er representert i faggruppene og det faglege rådet.*
- *Vel ut seks produksjonar til DKS-programmet, tre til grunnskulen og tre til vidaregåande skule. Produksjonane vert valde med utgangspunkt i tilrådingar frå faggruppene.»*

Dette inneber at VU har moglegheit til å bli med å påverke det kulturelle aspektet i skulesektoren. Arbeidet med DKS er allereie i gang og det er mykje som skjer no før jul og rett over nyttår. Det skal bland anna vere:

- møte i faggruppene som skal vere gjennomført før jul.
- ungdomsprogramrådet må velje ut 6 produksjonar rett over nyttår
- fagleg råd vedtar programmet for skuleåret 2020-2021 i februar.

Administrasjonen vil tilrå at VU sine medlemmer som skal arbeide med kultur vert valde til å bli med på dette. Det er naturleg nok mykje som er relevant for akkurat dei på dette området. Dei som vert valde må rekne med å bli kontakta av kulturavdelinga ganske fort etter utvalet sitt møte 29.11.

Vedlagt er saka slik den vart presentert for Fellesnemnda. Der er det mykje informasjon.

### Vedtakskompetanse

Vestland ungdomsutval.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant.

### Konklusjon

VU deltek i ungdomsprogramrådet i arbeidet med DKS. VU sine representantar frå kultur, idrett og integrering vert valde til å halde ei prosjektet.